


"Med stønad frå frendar og vener"

Slektskap og venskap som partidannande faktorar
i den norske innbyrdesstriden 1130-1208



Bente Opheim

Hovudoppgåve
Historisk institutt, UiB
November 1996



Forkortingar

Á - *Ágrip*

Bgs - *Boglunga sogur*

Fsk - *Fagrskinna*

HH - *Hákon Hákonssons saga*

Hkr - *Heimskringla*

KLNM - *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*

Msk - *Morkinskinna*

NKS - *Norges Kongesagaer*

Os - *Orkneyinga saga*

RN - *Regesta Norvegica*

Ská - *Skálholtsbók yngsta*

Svs - *Sverres saga*



INNLEIING

- [Tema](#)
 - [Kjeldematerialet](#)
 - [Problemstillingar og framgangsmåte](#)
-

Tema

I 1157, medan innbyrdesstriden herja i Noreg, vart Øystein Erlendsson valt til ny erkebiskop etter Jon som døydde same året. Erkebiskop Øystein var ein dugande mann av god ætt, han var rik på både gods og venskap, fortel kongesagaene,^[1] og heile folket tykte vel om han. Særskilt trønderane tok godt imot Øystein, "for de fleste stormennene i Trøndelag var bundet i frendskap eller i svogerskap til erkebiskopen, og alle var helt ut hans venner". Sagaene fortel vidare at Øystein ynskte å styrkje økonomien til erkebispesetet i Nidaros, og at han tinga med bøndene for å få løyve til å krevje inn høgare pengebøter. Bøndene gjekk med på å betale bøkene i "sølvvurdert øre" som var verd dobbelt så mykje som den vanlege mynten, og erkebiskopen tente dermed tilsvarande mykje på avtalen. Kva var det som gav Øystein slik makt at han kunne få bøndene med på å betale erkebispesetet det dobbelte av det dei var vane med? Sagaene gjev svaret på denne måten: "Dette fikk erkebispesatten satt igjennom med hjelp fra frender og venner."^[2]

Då dette hende, hadde landet vore prega av politisk uro i fleire tiår. Sigurd Jorsalfar sin død i 1130 gjorde slutt på dei rolege tilhøva som hadde kjenneteikna store delar av det føregåande hundreåret, og innleia ein hundreårsbolke dominert av kamp mellom rivaliserande kongsemne. Fram til 1160-åra kom denne rivaliseringa til uttrykk gjennom kortvarige, men hyppige konflikter mellom tronkrevjarar og tilhengarane deira, rekrutterte frå dei aristokratiske krinsane. Frå byrjinga av 1160-åra og utetter ser vi ei utvikling mot fastare partikonstellasjonar, etterfølgd av langvarige og meir vidtrekkjande konflikter. I dette tidsrommet femna innbyrdesstriden om ein større del av folket enn tidlegare. Medan striden i den fyrste fasen hadde utspela seg innbyrdes i dei aristokratiske krinsane, må vi vente at mot slutten av århundret fekk også vanlege bønder og innbyggjarar i byane merke byrdene av krigen, ikkje minst gjennom høgare skattar og øydelegging frå hærstyrkane.^[3] Etter kong Sverre sin død i 1202 ser ein teikn til eit mildare politisk klima, og etter fredsforliket mellom birkebeinane og baglane i 1208, var det slutt på den intense krigen mellom to faste grupperingar. Striden blussa opp igjen i samband med slittungopprøret og ribbungopprøret mellom 1217 og 1227, men denne gongen stod ein del av baglane saman med birkebeinane mot bønder og motstandarar av den lokale statsmakta. I 1239 gjorde hertug Skule ein mislukka freistnad på å utfordre kongemakta, men fekk liten tilslutnad. Innbyrdesstriden var over, og landet gjekk inn i ein lang fredsperiode under Håkon Håkonsson sitt styre.^[4]

Innbyrdesstriden fell saman med viktige endringar på fleire plan i det norske høgmedalderssamfunnet. På det politiske området gjekk det føre seg ei makt-sentralisering som resulterte i eit fastare organisert rikskongedømme og eit embetsapparat som i sterkare grad gjorde kongemakta synleg i lokalsamfunnet. Også den katolske kyrkja konsoliderte si makt i denne perioden, fyrst og fremst gjennom opprettinga av eit eige norsk erkebispesete i Nidaros i 1152/53, men også gjennom ei aktiv deltaking i det politiske livet og dermed også i striden, noko som synleggjorde kyrkja sine interesser i stor grad. På det sosiale planet opplevde Noreg i denne tida ein kraftig folkeauke, som resulterte i nyrydding og byvekst, og som stimulerte handelen både innanlands og med område utanfor Noreg. Høgmedalderssamfunnet var altså i vekst og endring samstundes med at innbyrdesstriden sette sine blodige spor over store delar av landet.^[5]

Historikarar har freista å forklare årsakene til innbyrdesstriden og drivkreftene i striden som eit resultat av desse samfunnsendringane som fann stad på 1100 og 1200-talet. Den eldre forskingstradisjonen fokuserte på framveksten av eit sterkt kongedømme og konflikten mellom denne maktkonstellasjonen i høve til det tradisjonelle ættestatokratiet. I byrjinga av vårt århundre vann det materialistiske historiesynet fram med ei oppfatning av

innbyrdesstriden som sette sosiale og økonomiske endringar i fokus. Nyare forskning er prega av eit nyansert syn på innbyrdesstriden, og kombinerer gjerne eldre forskingsresultat med ny viten på tvers av tradisjonelle faggrenser.

Det er liten tvil om at sagalitteraturen, som i skildringa av erkebiskop Øystein ovanfor, legg stor vekt på tydinga av sosiale band til politiske føremål. Øystein var i stand til å auke inntektene til kyrkja av di han hadde mektige frendar og vener i Trøndelag, som i sin tur kunne øve press mot bøndene. Erkebiskopen vart seinare ein av kong Magnus Erlingsson sine viktigaste støttespelarar i innbyrdesstriden, og Øystein sitt grep om Trøndelag hadde utan tvil innverknad på partidanninga under striden. Denne framstillinga vil setje søkjelys nettopp på samanhangen mellom dei personlege banda og partidanninga under innbyrdesstriden. Kva innverknad hadde slektskap og venskap på danninga av politiske grupperingar i striden? Dette vil i praksis medføre ei gransking som strekkjer seg frå byrjinga av striden i 1130 til forliket mellom baglane og birkebeinane i Kvitsøy, i 1208.

Kjeldematerialet

Framstillinga byggjer på ei gransking av den delen av sagalitteraturen som omhandlar innbyrdesstriden. I hovudsak dreier dette seg om dei *norske kongesagaene*, men også *Orkneyinga saga* og det danske historieverket til *Saxo Grammaticus* vil bli nytta. Nemninga *saga* vart i norrønt mål nytta om ei utsegn eller munnleg forteljing. I ettertid har denne tydinga vorte utvida, og ordet *saga* vert i dag i det vesentlege nytta om skriftlege nedteikningar om nordiske tilhøve i førhistorisk tid og fram til seinmellomalderen. *Sagalitteratur* er ei samlenemning for denne litterære genren.^[6] Sagalitteraturen kan igjen delast inn i mindre grupper etter ulike kriterium. Etter tematiske inndelingar fell sagalitteraturen som omhandlar den norske innbyrdesstriden, inn under kongesagaene, ei nemning som dekkjer ei gruppe sagaer om kongar og fyrstar frå andre halvdel av 800-talet og framover.^[7]

Ser vi bort frå det tematiske fellestrekket ved kongesagaene, er det klårt at denne litterære gruppa inneheldt eit spekter av svært ulike tekstar. I dette mangfaldet er det mogeleg å skilje mellom tre ulike typar, på grunnlag av tidsavstanden mellom nedteikninga av sagaen og det tidsrommet som sagaen omhandlar. *Oldtidssagaene* omhandlar hendingar i førhistorisk tid, eller før 850. Denne nemninga høver på delar av eit fåtal kongesagaer, som til dømes *Ynglinga saga* i *Heimskringla*.^[8] Fleirtalet av kongesagaene er *fortidssagaer*. Desse sagaene omhandlar hendingar i tidsrommet 850 til 1100, men vart truleg ikkje nedskrivne før i siste del av 1100-talet eller seinare. Den tredje gruppa, som er mindre, vert kalla *samtidssagaer*, og er basert på munnlege og/eller skriftlege nedteikningar frå sagaaktørane si eiga samtid. Som historiske kjelder reknar ein at samtidssagaene er relativt pålitelege, særskilt når det gjeld den faktiske hendingsgangen, i motsetnad til dei to andre gruppene. Det er likevel viktig å vere merksam på at samtidssagaene kan vere farga av politiske tendensar frå samtida. Ein reknar stort sett med at den delen av dei norske kongesagaene som omhandlar tida etter 1130, er samtidssagaer eller byggjer på slike sagaer.

Hryggjarstykki er den eldste samtidsagaen vi kjenner til, og denne sagaen ligg til grunn for ein del av det vi i dag kan lese i andre sagaverk om hendingane i det fyrste tiåret av innbyrdesstriden, og mogeleg heilt fram til 1161. Sagaen vart skriven av islendingen Eirik Oddsson i tidsrommet 1150-70, og skal ha bygd på munnlege fråsegner frå personar som sjølv hadde teke del i dei hendingane som sagaen fortel om. Eirik var sjølv i Noreg omkring midten av 1150-talet, og har truleg samla mykje av materialtilfanget på denne reisa. *Hryggjarstykki* er diverre gått tapt, men forfattarar av yngre sagaer har nytta *Hryggjarstykki* som kjelde til sine verk.^[9]

Ágrip er det eldste bevarte samleverket om dei norske kongane på det norrøne språket. Originalteksten vart truleg skriven i 1190-åra, av ein person med gode kunnskapar om norsk geografi og samfunnstilhøve. Forfattaren har truleg kjent særskilt godt til området kring Trøndelag, og dette har ført til antakingar om at forfattaren var nordmann, og at sagaen var til i Trøndelag.^[10] Visse trekk kan tyde på at forfattaren tilhørde dei geistlege krinsane, eller i det minste var oppteken av det kristne idegrunnlaget.^[11] I handskriftet som er tilgjengeleg i dag, dekkjer *Ágrip* tidsrommet frå Harald Hårfagre og fram til 1150-åra, men det er grunn til å tru at originalteksten har fylgt innbyrdesstriden fram til omkring 1177, då den eldre Sverres saga tek til. *Ágrip* tyder "utdrag", og er hevda å vere ein del av eit større samleverk som er gått tapt. Det er uvisst om eit slikt verk har eksistert, og kjeldegrunnlaget for *Ágrip* er omtvista. Ein reknar vanlegvis at forfattaren har nytta eit lite knippe norske og latinske kjelder, samt eit rikt utval av den munnlege norske folketradisjonen.^[12]

Ágrip er ei av dei få sagaene om innbyrdesstriden som mogeleg er skriven av ein nordmann. Saman med det norske kjeldegrunnlaget, gjer dette at sagaen tilfører kjeldematerialet ein ekstra dimensjon. *Ágrip* stadfestar at haldningane omkring personlege band og bruken av desse til politiske føremål var ein viktig del av det norske samfunnet, så vel

som det islandske. *Geirsteinstátten*.[\[13\]](#) som vil bli referert til i kap. 2, er eit eksempel på denne tradisjonen, og føyer seg fint inn mellom dei islandske tåttene i til dømes *Morkinskinna*.

Ved slutten av 1100-talet vart det skriva ein saga om hendingane på Orknøyane frå førhistorisk tid og fram til om lag 1170. I denne sagaen er det også teke med noko om dei norske kongane og tilhøvet mellom Noreg og øyområdet. *Orkneyinga saga* gjev særleg innblikk i striden mellom Harald Gille og Magnus Blinde, og utfyller det vi veit om Sigurd Slembe. Sagaen vart skriven av ein islending, og er overlevert i revidert form gjennom eit handskrift frå 1200-talet. Litterært sett vert *Orkneyinga saga* rekna til same gruppe som dei norske kongesagaene.[\[14\]](#)

Omkring 1200 skreiv dansken Saxo ei krønike som ber namnet *Gesta Danorum*. Teksten er overlevert i sin heilskap i eit handskrift frå 1514. Til grunn for dette verket ligg den islandske sagatradisjonen forutan samtidige bidrag frå oppdragsgjevaren, erkebiskop Absalon, og andre.[\[15\]](#) Saxo gjev, i korte glimt, innblikk i kva som rører seg i Noreg i denne tida. Dette bidrar til å nyansere biletet dei norske kongesagaene gjev av tilhøva mellom dei stridande partane i innbyrdesstriden, og dei ulike alliansane som vart oppretta. Saxo er særskilt nyttig for å få oversyn over dei omfattande ekteskapelege alliansane mellom dei nordiske kongefamiliane og konfliktane som oppstod mellom dei.

I åra omkring 1120 vart det skriva to sagaer om dei norske kongane, *Morkinskinna* og *Fagrskinna*. *Morkinskinna* er truleg den eldste av dei to. Mykje tyder på at den vart skriven på Island mellom 1217 og 1222. Sagaen byrjar forteljinga om Magnus den gode i 1035 og strekkjer seg til drapet på kong Øystein i 1157, men det er mogeleg at *Morkinskinna* opphavleg har teke for seg hendingane heilt fram til slaget på Re i 1177 slik som *Fagrskinna*.[\[16\]](#) *Fagrskinna* var truleg skriva av ein islending som anten oppheldt seg i Noreg medan han skreiv, eller som i det minste hadde god kjennskap til norske samfunnstilhøve.[\[17\]](#) Kjeldegrunnlaget for desse sagaene er mykje omstridd. Begge sagaene byggjer på Ágrip, og *Fagrskinna* byggjer igjen på *Morkinskinna*. Til grunn for *Morkinskinna* ligg også Hryggjarstykki og ein del skaldekvad som Gisli Skulesson og Ivar Ingemundsson er gjevne æra for.

Morkinskinna ber tydeleg preg av at teksten har vorte omarbeidd fleire gonger. Somme stader har det kome inn tilskot i form av tåtter eller skaldevers som vantar i dei andre sagaene.[\[18\]](#) Desse tåttene er neppe historisk korrekte, men dei gjev likevel eit godt inntrykk av ei rekkje haldningar som var levande i det norrøne samfunnet då sagaen vart skriven. *Morkinskinna* gjev dermed eit viktig bidrag til å forstå dei mellommenneskelege relasjonane som er gjenstand for granskning i denne oppgåva. *Fagrskinna*, som elles er svært knapp i si framstilling av hendingsgangen, har synt seg å gje mykje verdfullt stoff om personlege band og politisk verksemd. Dette er særskilt tydeleg for 1160- og 1170-åra som vert omhandla i *Heimskringla* i tillegg til *Fagrskinna*.

Heimskringla, som vart skriven av den islandske stormannen Snorre Sturlasson omkring 1230, er utvilsamt best kjent av dei norske kongesagaene. I *Heimskringla* finn vi svært detaljerte nedteikningar om den politiske utviklinga i innbyrdesstriden, og sagaene i dette samleverket inneheld tilleggsopplysningar om hendingar og personar som ein ikkje finn i til dømes *Morkinskinna* eller *Fagrskinna*. Snorre hevdar sjølv i fortalen at *Heimskringla* er skriven på grunnlag av ei kritisk vurdering av kjeldematerialet. I denne samanhangen er det skaldekvada han legg særskilt vekt på, men i framstillinga viser han fleire gonger til Eirik Oddson "som først skreiv ned denne hendingen" i Hryggjarstykki.[\[19\]](#) Alt tyder på at Snorre også har nytta andre kjelder, mellom anna Ágrip, *Morkinskinna* og *Fagrskinna*.[\[20\]](#)

Snorre si samling av kongesagaer har vorte karakterisert som "summen av hans samtids historiske viten fra skriftlig og muntlig overlevering".[\[21\]](#) Dette er ei sanning med modifikasjonar. *Heimskringla* ber tydeleg preg av Snorre sine eigne val som forfattar. Han har utelete somme ting, og lagt til andre. *Heimskringla* utfyller dei tidlegare kjeldene med omsyn til faktiske opplysningar, ikkje minst gjeld dette slektskapstilhøva mellom sagaaktørane. Samstundes ser det ut til at Snorre har lagt mindre vekt på å skildre betydninga av dei mellommenneskelege relasjonane. *Heimskringla* er taus på fleire stadar der dei andre kjeldene gjev nyttig informasjon om haldningar til slektskap og venskap i det norrøne samfunnet.[\[22\]](#) *Heimskringla* sin nytteverdi i mitt tilfellet ligg difor fyrst og fremst i dei fyldige skildringane av den faktiske hendingsgangen og ikkje minst i Snorre sin kunnskap om slektskapsambanda mellom dei ulike aktørane.

Den historiske framstillinga av innbyrdesstriden frå 1177 til 1202 er å finne i eit særeige verk der handlinga er konsentrert omkring ein person sitt liv og gjerningar, kong Sverre Sigurdson. *Sverres saga* finst i fire handskrift, det eldste frå omkring 1300, medan det yngste vart skriva ned om lag 1450. Det eldste inneheld ein prolog som namngjev forfattaren av den fyrste delen av *Sverres saga* som gjerne vert kalla *Grýla*.[\[23\]](#) I fylgje prologen, som godt kan ha vore skriven av forfattaren sjølv eller den som fullførte saga, var det den islandske abbeden Karl Jónsson som skreiv *Grýla*, medan kong Sverre rådde for kva som skulle stå der. Karl Jónsson vitja Noreg i


tidsrommet 1185-1188, og i løpet av denne tida har truleg Grýla vorten nedskriven. Det er uvisst kvar denne delen av sagaen opphavelig enda, men mest truleg kan den først fram til slutten av 1170-åra.[\[24\]](#) Resten av sagaen vart truleg skriven etter Sverre sin død i 1202.[\[25\]](#) Dersom det var Karl som fullførte sagaen, må dette ha skjedd før 1213, då Karl døydde. Eit av argumenta for at Karl har avslutta arbeidet, er at sagaen stilistisk sett utgjer eit heile utan det brotet ein skulle vente dersom det var to forfattarar.[\[26\]](#) På den andre sida kan det tenkjast at ein annan person enn Karl har avslutta arbeidet med sagaen og omarbeida dei to delane til ein heilskapleg saga.[\[27\]](#)

Etter prologen skal hovudkjelda til Grýla altså ha vore Sverre sjølv, medan den siste delen av sagaen "er skriven etter fråsegn av dei som kunne minnst at dei sjølve hadde sett og høyrte desse hendingane", eller ved at "folk skreiv dei opp straks etter dei var hende".[\[28\]](#) Forfattaren har truleg også hatt tilgang til ein del dokument og brev i arbeidet med saga. Dette har resultert i at Sverres saga gjev eit svært påliteleg inntrykk, og i endå større grad enn Heimskringla gjev teksten detaljerte opplysningar om hendingar og politiske aktørar. Samstundes må vi ta omsyn til at Grýla var skriven på bestilling av kongen sjølv og dermed ber preg av å vere eit propagandaskriv. Resten av sagaen er noko meir balansert, men forfattaren skildrar hendingane gjennomgåande frå Sverre sin synsvinkel.

Boglunga sogur [\[29\]](#) er hovudkjelda for det vi veit om tidsrommet frå Sverre sin død til *Håkon Håkonsson saga* tek over i 1217. Sagaen finst i to hovudversjonar, ein kortare og ein lengre, gjerne kalla A og B. A-versjonen er overlevert i to handskrift,[\[30\]](#) *Eirspennill* frå byrjinga av 1300-talet, og *Skálholtsbók yngsta* som var ført i pennen kring midten av 1400-talet. B-versjonen finst i tre korte tekstfragment, men kan berre lesast i sin heilskap i ei trykt omsetjing til dansk frå 1633 etter *Peder Claussøns Friis*.[\[31\]](#) A-versjonen av *Boglunga sogur* dekkjer tidsrommet frå kong Sverre sin død til forliket på Kvitsøy i 1208.[\[32\]](#) Den opphavlege teksten vart truleg skriven allereie omkring 1210. Førelegget til B-versjonen er yngre, sannsynlegvis frå 1220-åra, og byggjer truleg på A-versjonen. Mykje tyder på at det stod ein islending bak begge versjonane, i det minste A-versjonen. Dei ulike versjonane av *Boglunga sogur* vert gjerne nytta komplimentært for handsaminga av denne perioden.[\[33\]](#)

Kjeldegrunnlaget for *Boglunga sogur* har truleg vore munnlege opplysningar frå personar som sjølve hadde opplevd hendingane som sagaen tek for seg. I tillegg er truleg nytta ein del brev, og forfattaren av B-versjonen har mogeleg hatt tilgang til offentlege dokument samt den allereie skrivne A-versjonen. Det detaljerte innhaldet i sagaen vitnar også om eit rikt informanttilfang. Det er uvisst korleis dei to versjonane av sagaen stiller seg i høve til innbyrdesstriden, og dei to partane, birkebeinane og baglane. Det er vanskeleg å påvise ein tendens til at sagaen, sett under eitt, favoriserer ein av partane framfor den andre, men granskingar har synt at B-versjonen truleg var eit partsinnlegg til fordel for birkebeinane.[\[34\]](#)

Ovanfor har vi teke for oss dei enkelte kjeldene relativt isolert, utan særleg omsyn til innbyrdes tilhøve mellom dei. Slektskap og sambandstilhøve mellom sagaene kan vere avgjerande for verdien vi kan tillegge den enkelte kjelda. Også avstanden mellom hendingane og nedteikninga av sagaene er ein viktig faktor for å avgjere kjeldeverdien. Fig. 1 illustrerer desse to sidene ved kjeldebruken.



Vi ser at dei sagaene som ligg nærast si eiga framstilling i tid for den fyrste fasen av striden, er Hryggjarstykki, Orkneyinga saga, Ágrip og Grýla. Resten av Sverres saga og A-versjonen av Boglunga sogur, som omhandlar den andre fasen i striden må, også sjåast som tidsnære oppteikningar. Heimskringla, Fagrskinna og Morkinskinna er dei av kjeldene som står fjernast frå dei aktuelle hendingane som dei skildrar, men desse byggjer på Hryggjarstykki og Ágrip samt munnleg tradisjon som delvis kan ha vore basert på fråsegn frå augevitne. I sum viser dette at alle sagaene som omhandlar innbyrdesstriden, anten er samtids saga eller i det minst byggjer på samtidige nedteikningar. Dette kjeldematerialet utgjer dermed ein god reiskap for å nærma seg den historisk røynelege innbyrdesstriden. Som samtidige sagaer gjev kjeldematerialet dessutan rom for å avdekkje allmenne forestillingar om bruken av dei personlege banda i innbyrdesstriden.

Problemstillingar og framgangsmåte

Hovudproblemstillinga for denne oppgåva er kva rolle slektskap og venskap spela for partidanninga i innbyrdesstriden. For å svare på dette spørsmålet må ein ha kjennskap til korleis dei politiske grupperingane under innbyrdesstriden vart danna, og kva andre faktorar enn slektskap og venskap som verka inn på partidanninga. Samstundes må vi ha i tankane at den politiske maktkampen utspela seg i ei tid då det norske samfunnet var i tydeleg endring. 1100- og 1200-talet var ei brytningstid på mange område, og det er naturleg å spørje om dette også speglar seg i bruken av slektskap og venskap. Ser vi ei endring i bruken av slektskap og venskap gjennom innbyrdesstriden? Framstillinga gjev diverre ikkje rom for ei vidare drøfting av kva samfunnsendringar som eventuelt kan ha medverka i denne prosessen, men kan vonleg antyde kva faktorar det er naturleg å fokusere på.

Dette føreset på den eine sida ei framstilling som lar andre drivkrefter kome til syne. På den andre sida fordrar det ein presentasjon av korleis desse andre drivkreftene og partidannande faktorane har blitt nytta i historieforskinga til å forklare utviklinga av innbyrdesstriden. Høg mellomalderen har tradisjonelt oppteke norske historikarar, og den politiske utviklinga under innbyrdesstriden har vore gjenstand for diskusjon sidan byrjinga av 1800-talet. Dei ulike

synspunkta på partidanninga og drivkreftene i innbyrdesstriden dannar ein naturleg bakgrunn for diskusjonen omkring tydinga av personleg band som partdannande faktorar.

Dei ulike kapitla i denne oppgåva skal på best mogeleg måte gje eit innblikk i, og vonleg svar på, dei nemnde problemstillingane ovanfor. Kapittel 1 presenterer tidlegare forskning omkring innbyrdesstriden og personlege relasjonar. Av di få norske historikarar har kombinert desse to forskingsfelt, har dette kravd ei todelt inndeling. Den fyrste delen presenterer ulike syn på partidanning og drivkrefter i innbyrdesstriden, medan den andre tek for seg forskinga omkring slektskap, fiktive slektskapsband og vennskap. Kapittel 2 gjev ei presisering av bruken av dei ulike termane for sosiale relasjonar, slik dette kjem til uttrykk i mitt kjeldemateriale. I kapittel 3 og 4 ser eg på den politiske bruken av personelege band i to ulike fasar av innbyrdesstriden. Fyrste fase strekkjer seg frå byrjinga av striden i 1130 til kong Inge sin død i 1161. Den andre fasen følgjer dei stridande partane fram til forliket i 1208. I det konkluderande kapitlet er det naturleg å sjå dei partidannande faktorane i innbyrdesstriden i lys av utviklinga av det norske samfunnet på 1100- og 1200-talet. Disponeringa av oppgåva skal dermed gje grunnlag for å kartleggje venskap og slektskap som politiske reiskapar i innbyrdesstriden, både med omsyn til andre partidannande faktorar og endringar over tid.



¹ Fsk og Hkr.

[2] Mi utheving, Fsk 366, Hkr 625, Hkr: NKS 340.

[3] På bakgrunn av dei harde kampane på slutten av 1100-talet har perioden gjerne blitt kalla "borgarkrigstida". Ei slik nemning impliserer eit omfang som også femna om dei lågare sosiale laga, og høver dermed dårleg på denne perioden i norsk historie. I den fylgjande framstillinga er det berre nemninga "innbyrdesstriden" som vil bli nytta.

[4] Bagge 1986b: 158, Helle 1974: 37 f., 99 ff.

[5] Helle 1974: 27 ff., Holmsen 1977: 188 ff

[6] Sigurður Nordal 1953:180 ff.

[7] Sigurður Nordal 1953:181.

[8] Sigurður Nordal 1953: 181.

[9] Sigurður Nordal 1953: 195.

[10] Indrebø 1936: 10 f., Bjarni Aðalbjarnarson 1937: 5.

[11] Tobiassen 1956, KLNLM.

[12] Indrebø 1936: 8 f.

[13] Tåtter eller *þættir* er ei nemning på korte forteljingar som tilhøyrrer den islandske litteraturen, men som vert skilt frå dei lengre sagaene. Nordal 1953:182, Einar Sveinsson, KLNLM.

[14] Sigurður Nordal 1953: 211.

[15] Lauring 1975: 5 ff.

[16] Hødnebo 1966, KLNLM, Aðalbjarnarson 1937: 135.

[17] Halvorsen 1966, KLMN.

[18] Jmf. Bjarni Aðalbjarnarsson 1937: 146 ff.

[19] Hkr 576, 578-579, Hkr: NKS 289, 292-294.

[20] For tilhøvet mellom desse sagaene sjå Bjarni Aðalbjarnarsson 1937.

[21] Arstad 1994: 9.

[22] Eit døme på dette er *Geirsteinståtten* som ikkje er å finne i Heimskringla.

[23] Namnet tyder "trollkjerring" og skal vere eit frampeik om Sverre sin veksande styrke, Holm-Olsen 1953:8.

[24] Holm-Olsen 1972, KLNLM.

[25] Holm-Olsen 1972, KLNLM.

[26] Magerøy 1979: 8.

[27] Holm-Olsen 1953:49-50, Nordal 1953: 198.

[28] Svs: NKS 21.

[29] Ulike namn vert nytta om denne sagaen. Nemninga *Boglunga sogur* er henta frå handskriftet Gullinskinna. For nærare utgreiing om namnebruken sjå Helle 1958: 9-10.

[30] Det finst også eit tredje handskrift med eit fragment av A-versjonen.

[31] Helle 1958: 35-36.

[32] Teksten i Ská bryt av noko før, under slaget mellom birkebeinar og baglar utanfor Stord i 1207.

[33] Bgs: NKS 270.

[34] Helle 1958: 80.



Kap. 1 TIDLEGARE SYNSPUNKT

Spørsmålet om kva krefter som har påverka utviklinga av innbyrdesstriden og danninga av ulike stridande parti har vore emne for diskusjon sidan norsk historisk vitskap vart grunnlagd i fyrste halvdel av 1800-talet. Ulike faktorar har blitt framstilt som avgjerande for utviklinga av striden og grupperinga Sigurður av dei stridande partane. Fyrste delen av dette kapitlet vil presentere den tidlegare forskinga sitt syn på innbyrdesstriden generelt og partidanning spesielt. Den andre delen vil konsentrere seg om forskinga omkring ei side ved partidanning som norske historikarar generelt har vore lite opptekne av, nemleg dei personlege banda mellom menneske, og då særleg politiske aktørar.

- [Partidannande faktorar og drivkrefter i innbyrdesstriden](#)
 - [Samfunn, ætt og individ](#)
-





Kap.2 SAGATERMINOLOGIEN FOR SLEKTSKAP OG VENSKAP

Den uklare bruken av ættermen i norsk historiografi har synt kor naudsynt det er med klare definisjonar og medviten bruk av omgrepa ein nyttar som analysereiskap. I dette kapitlet skal eg ta for meg nokre av nemningane for sosiale band som ein finn i dei norske kongesagaene [\[100\]](#) Før ein kan diskutere korleis dei personlege banda påverka partidanninga under innbyrdesstriden, må ein ha klart for seg kva desse banda var eit uttrykk for og kva funksjon dei hadde i samfunnet. Eg har valt å ta utgangspunkt i *Geirsteinståtten*, ei lita historie i Ágrip og Morkinskinna. [\[101\]](#) Tåtten gjev ikkje berre eit godt innblikk i kva form dei personlege banda hadde i det norrøne samfunnet, men er også ein god illustrasjon på kva funksjon slike personlege band kunne ha.

Ein mann som heitte Geirstein, hadde tre born, sønene Hjarrande og Hising og ei dotter som sagaene ikkje nemner namnet på. Denne dottera var frilla til kong Sigurd Haraldsson. På nabogarden budde det ei enke som heitte Gyda. Ho var moster til Gregorius Dagsson, som var ein av kong Inge Haraldsson sine vener. Det oppstod uvenskap mellom Geirstein og Gyda, og Geirstein freista å gjere skade på Gyda sine avlingar. Ho gjekk då til "venene og verjene" sine og klaga si naud. Gyrd, som var fostra hos Gyda, tok på seg å verje garden, og etter ein samanstøyt med Geirstein vart sistnemnde drepen. Gyrd hadde no gjort seg til drapsmann for Gyda, og ho sende han difor til syster si, Ragnhild, og systersonen Gregorius, slik at dei skulle verje han mot "uvenene". Gregorius lova, etter mykje nøling, å hjelpe Gyrd saman med mennene sine. Geirsteinssønene fekk høyre om dette, og gjekk til kong Sigurd for å få hjelp. Han sende ein mann som heitte Lodin til Gregorius for å få i stand forlik med han. Dette mislukkast, og Sigurd freista på ny å få i stand semje mellom dei to. Denne gongen sende han Raud, saman med tretti mann, til Gregorius. Raud var ikkje heldigare enn Lodin, og det enda med at halvparten av dei laut late livet for Gregorius og mennene hans. Kong Sigurd let då Hjarrande og Hising få hærfolk med seg for å hemne seg på den uretten Gregorius hadde gjort mot dei. Dei møtte Gregorius fleire gonger, og striden enda med at begge Geirsteinssønene miste livet for Gregorius, som etter den tid alltid heldt seg til kong Inge i striden mellom han og broren Sigurd. A.O. Johnsen nyttar Geirsteinståtten som eit "illustrerende eksempel på ættehevns-innstillingen i Norge i tiden omkring 1150". Han påstår at denne historia handlar om "en feide mellom Geirsteins ... og Gregorius Dagssons ætt". [\[102\]](#) Dette reiser spørsmålet om korleis vi skal forhalde oss til bruken av ætte-omgrepet i sagalitteraturen. Vi har tidlegare sett at slektskapsgrupper i bilaterale samfunn er egosentrerte og relativt svakt organiserte. Korleis samsvarar dette med bruken av nemninga ætt i til dømes Geirsteinståtten? Kan vi bruke ordet ætt om dei egosentrerte slektskapsgruppene?

Ordet ætt, norrønt *átt* / *ætt*, er ikkje den vanlege måten å omtale slektskap og tilhøvet mellom slektningar på i den norrøne sagalitteraturen. I mange høve der det i omsetjingar til moderne norsk er nytta ulike variasjonar av nemninga ætt, finn vi heilt andre ord i originalteksten. *Frændsemi*, som uttrykkjer tilhøvet mellom slektningar, eller *frendar*, er slike nemningar. På dei stadane der *átt* er nytta i originaltekstane, er tydinga som regel *opphav* eller *avstamming*. Dette ser vi i Geirsteinståtten, der Gyrd vert sagt å vere "góðrar ættar", av god ætt. Dette er tydeleg ein merknad som skal forklare Gyrd sin posisjon hos Gyda. Han var ikkje ein vanleg arbeidskar, men hadde byrd som høvde seg for oppgåva ho påla han. Den same tydinga av ætt finn vi andre stader i sagaene, mellom anna i Sverre sin tale til bergensmennene etter kong Magnus var fallen:

Det har hendt her i landet òg, at folk som ikkje var av *kongsætt* har slege seg opp. Såleis var det med Erling, son til Kyrpinga-Orm, - han let gje seg sjølv jarlsnamn og son sin kongsnamn, og dei drap ned alle som var av *kongsætt*, ingen måtte seie at han var av slik *ætt*, for da vart han drepen. Dei hadde med seg dei beste rådgjevarane som fanst i landet, og la under seg alt riket til dei kongane som var *ætteborne* til det. [\[103\]](#)

Det er tydeleg at ætt og byrd ofte høyrer saman i kongesagaene. Det ser vi mellom anna av ætteutgreiingane som vi finn mange av i den norrøne sagalitteraturen. Snorre gjer greie for ætta til Bård Guttormsson på denne måten: Bård var son til Guttorm, son til Åsolv Skulesson; men Skule var son til Toste jarl, som før er sagt i saga om Harald Hardråde. Mor til Åsolv var Gudrun Nevsteinsdotter, hennar mor var Ingerid dotter til kong Sigurd Syr. Mor til Guttorm var Tora, dotter til Skofte, son til Ogmund, son til Torberg Arnesson og Ragnhild dotter til Erling Skjalgsson. Mor til Tora var Sigrid, dotter til Tord Folesson som var merkesmannen til kong Olav den heilage. [\[104\]](#) Vi ser her at det viktige ikkje var å få full oversikt over slekta til Bård Guttormsson. Det er ikkje eingong nemnt kven som var mor til Bård. Det er dei vidgjetne anane innan Reinsætta eller farssida av slekta som står i fokus.

Snorre fører slektskapen på denne sida attende til Toste Jarl, kong Sigurd Syr, Erling Skjalgsson og merkesmannen til sjølvaste Olav den heilage. Denne slektskapsutgreiinga tente altså til å understreke Bård si byrd. Dette vert endå klarare ettersom Snorre avslører kvifor det var så viktig at Bård var av god ætt. Han hadde nemleg bede om handa til sjølvaste kongsdottera.[\[105\]](#)

Den norrøne namnebruken har også vorte nytta som argument for ættesambandet si sterke tyding i sagasamfunnet. Bruken av farsnamnet som etternamn indikerer styrken til ættebanda. Dette argumentet er noko veikt ettersom namnebruken i høgste grad reflekterer status. Dette ser vi særskilt i høve der namnebruken skil seg frå det normale. Ikkje sjeldan finn vi namn i kongesagaene som ikkje viser attende til eit farsnamn, som til dømes Simon Skalp,[\[106\]](#) Ogmund Denge[\[107\]](#) og Håkon Mage.[\[108\]](#) Vi finn også personar som har mora sitt namn og ikkje faren sitt. Nikolas Skjaldvorsson var son til Skjaldvor. Skjaldvor var halvsystem til Magnus Berrføtt. Far til Nikolas var Sigurd Ranesson som var lendmann under Magnus.[\[109\]](#) Sigurd var altså ikkje "kven som helst", men ein av dei fremste representantane for eliten. Når Nikolas vert nemnt som Skjaldvorsson, så skuldast dette at ho var sammødre system til ein avliden konge, og gjennom dette namnet kunne Nikolas aktivere den prestisjen og dei goda ein slik slektskap innebar. Namnebruken reflekterer, på lik linje med bruken av ætt, status og byrd, ikkje samhald og kontinuitet. Til dette føremålet var den bilaterale slektskapsstrukturen svært veileigna, ettersom slektskap kunne reknast gjennom begge foreldra. Bruken av *átt* i sagalitteraturen reflekterer ikkje dei plikter og rettar som høyrde til slektskapen. Den utøvande slektskapsgruppa i den norrøne samfunnet var nemleg ikkje ætta, men *frendegruppa*.

Frende er den norrøne termen for blodsslektningar på både morssida og farssida. Kvinnelege frendar vert stundom kalla frendkoner eller *frenker*. Ein person si frendegruppe inkluderte dermed både morsfrendar og farsfrendar. I sagaene vert det ikkje skilt skarpt mellom kva slags frendar det var snakk om, men når vi kjem til tilhøvet mellom kongsemna og frendane deira får skiljet mellom morsfrendar og farsfrendar nokså stor innverknad. I prinsippet var det berre kongssøner som hadde rett på kongsnamn. Dei var altså av kongeleg byrd på farssida. Likevel ser vi at utover i innbyrdesstriden fekk også søner av kongsdøtre kongsnamn. Magnus Erlingsson og Inge Bårdsson var begge i slekt med kongsetta gjennom morssida.¹¹⁰

[\[1\]](#)

Skilnaden mellom frendar av kongeleg byrd og andre frendar av kongsemna vil syne seg å vere viktig for framstillinga av slektskap som alliansedannande faktor. Denne skilnaden kjem ikkje til syne gjennom termene farsfrendar og morsfrendar. Kongsemna sine frendar innan kongsetta vil difor her bli kalla *kongsfrendar*. I dei fleste tilfella vil denne nemninga vere synonym med farsfrendar, men som vist ovanfor kunne det i visse høve gjelde morsfrendar.

Frendane spelar ei stor rolle i sagalitteraturen, og tilhøvet mellom frendane ser ut til å ha stått sentralt det norrøne samfunnet. Det er frendane som står i fokus i Geirsteinståtten, ikkje ættene (sjå fig. 3 på neste side). Dette ser vi mellom anna av måten Gyda utnyttar frendskapsbanda på. Gyda var som nemnt system til Ragnhild, mor til Gregorius. Denne Ragnhild skal ha vore dotter til Skofte Ogmundsson på Giske, den fremste i ei av dei mektigaste ættene i landet på denne tida. Truleg var også Gyda ei dotter av Skofte, sagaene seier nemleg ikkje noko om at dei berre var halvsysken. I denne konteksten verkar det rart at Gyda skulle vende seg til systerson sin for å få hjelp, særleg når det var slik at Gyda og Gregorius budde på kvar sin kant av landet. Morkinskinna seier nemleg at Geirstein budde i nord, medan Gregorius hadde gard i Tønsberg. Ágrip nemner ingenting om dette, men begge kjeldene opplyser at Gyda gjorde i stand to hestar til Gyrd då han skulle oppsøkje Gregorius. Ein av hestane skulle han ri sjølv, den andre skulle bere "ferdatyet" eller reiseutstyret. Dette skulle stadfeste Morkinskinna si geografiske plassering av dei to frendane. Når Gyda likevel sende Gyrd til Gregorius og ikkje til frendane i nærleiken, skuldast dette at han var den av frendane hennar som høvde best til å ta på seg denne oppgåva. Dotter til Geirstein var som kjent frilla til kong Sigurd, og både Geirstein og sønene hans var gode vener med kongen. Gregorius var ein rik og mektig mann, men det viktigaste var truleg at han var ein av kong Inge sine beste vener. Gregorius var dermed den av Gyda sine frendar som best kunne måle seg i makt og påverknadskraft med Geirsteinssønene sin allierte, kong Sigurd.

I kor stor grad var så frendane plikta til å yte hjelp til slektningar som bad om det? Gregorius var ikkje særleg imøtekomande då Gyrd oppsøkte han for å få hjelp. Fyrst unnslo han seg med at han verken hadde kunnskap eller høvde til å ta på seg slike saker for folk. Mor hans bad han då tenkje på frendane sine og si eiga ære: "Hjelp mannen so han kann berga livet, for di um han hev gjort dette verket! Han hev fria frendane våre for mykje neis-ord. Vyrddi mine og di eigi ære!" Men Gregorius var framleis i tvil: "Tungt mun det verta å reisa seg imot kongen, og skamlegare synest det meg å lova hjelp og slett ikkje kunne halda det." Gregorius kunne tape mykje ved å støtte Gyda, og risikoen ved å ta på seg denne saka var så stor at han var nær ved å seie nei til Gyrd. Frendskapen var ingen garanti for støtte. Når Gregorius likevel let seg overtale til å hjelpe Gyrd, skuldast dette omsynet til eiga

vinning. Dette ser vi av orda til Gyrd som til slutt avgjorde det heile:

Han fortalde Gregorius heile tilburden og synte honom jartegnene, og nemnde kor um å gjera frendane hans tykte det var at han tok seg av saki, og sagde at dersom Gregorius skulde verta hovding, laut han ein gong røyndet fyrste venda.[\[111\]](#)

Gregorius hadde nemleg også mykje å vinne ved å hjelpe Gyrd. Ein siger over kong Sigurd ville for alvor plassere Gregorius mellom dei fremste hovdingane i landet. Det ville gjere han til ein nyttig alliert for kong Inge, som låg i strid med broren Sigurd, og dermed sikre Gregorius plassen som den fremste hærføraren i Inge sin hird. Ein føresetnad for dette var sjølvstyk at Gregorius kom sigrande ut av denne striden.

I sum ser det ut til at ei handsaming av slektskapsrelasjonar i kongesagaene må ta omsyn til to ulike prinsipp. På den eine sida bruken av nemninga ætt som uttrykk for ein person si plassering i høve til byrd og status, og på den andre sida frendegruppa, som var sagasamfunnet si egosentriske slektskapsgruppe. I konflikten mellom Gyda og Geirstein var det frendegruppa til Gyda som vart aktivisert, ikkje ætta, og Gregorius var eit naturleg val av di han var den som best kunne hamle opp med kong Sigurd.

Sagaene fortel at Geirsteinssønene søkte støtte hos kong Sigurd av di han var "ein god ven" av far deira. Venskapen gjorde altså kong Sigurd til Geirsteinssønene sin allierte i freistnaden på å hemne far deira. Kva ligg i nemninga ven eller *vinr* i kongesagaene, og kven var det som etablerte venskap med ein annan?

Av Geirsteinståtten ser vi at nemninga ven og alliert heng nøye saman. Sigurd plikta å støtte opp om Hjarrande og Hising av di han var ven med far deira. Om venskapen var eit resultat av at dotter til Geirstein var Sigurd si frille, eller om Sigurd hadde fått henne til frille av di han var ven med Sigurd, veit vi ikkje. Det som derimot er tydeleg i sagalitteraturen, er at venskapen var ei personleg kontrakt mellom to partar som innebar visse plikter. Dette ser vi mellom anna av ord som *vinmæli*,[\[112\]](#) som tyder venskapsavtale. I Håkon Håkonssons saga finn vi uttrykket: "er ongua vinattu ætti honoum at giallda".[\[113\]](#) Dette viser nettopp til den gjensidige avtalen mellom dei to partane.

Ágrip hevdar at etter åtaket frå Geirstein vende Gyda seg til venene sine og klaga over at "ho hadde følt lite nytte av gjæve vener og verjor, når ho skulde verta so mangeleis svivurd".[\[114\]](#) Dette viser igjen tanken om at venene skulle støtte i knipetak. Også andre stadar enn i Geirsteinståtten ser vi dette. I Sverres saga møter vi kong Sverre der han ber bergensmennene om støtte. Sverre brukte eit ordtak, i fylgje sagaen, for å overtyde dei om at det einaste rette dei kunne gjere var å gje han den stønaden han trong: "Vi birkebeinar seier no til dykk som det gamle ordtaket lyder, at i naud skal ein venene røyne".[\[115\]](#)

Sambandet mellom tydinga av *ven* og *alliert* i sagalitteraturen skapar vanskar når ein skal definere kven desse venene var, og kven som etablerte venskap med einannan. Ofte får ein inntrykk av at venene rett og slett var alle som støtta ein person, anten dei var stormenn, hærfolk eller bønder. I Orkneyinga saga finn vi mellom anna ei utsegn av Pål jarl, der han seier at "min beste venn er den som vil hjelpe meg til å få ha min makt".[\[116\]](#) Dette skulle tyde på at venskapen var ei fellesnemning for alle som på ein eller annan måte støtta opp om ein person. Dersom vi ser på situasjonar der venene er nemnde i sagaene, ser vi derimot at venene har ei særskilt oppgåve. Dei var militære og politiske rådgjevarar. Dette peikar mot at venene ofte var personar som hadde kunnskapar og posisjon til å bli spurde om råd. Det at kongen spurde venene om råd, skulle også indikere at det eksisterte ei jamvekt mellom dei to partane. Venene i kongesagaene er i hovudsak andre stormenn, og venskapstilhøvet byggjer på jamvekt og respekt mellom partane. Banda mellom kongsemna og venene deira var dermed av horisontal art.

Når vi har avgrensa venskapen til eit horisontalt band mellom kongsemnene og andre medlemmer av aristokratiet, utelukkar ikkje dette at også andre band, av meir vertikal art, kunne verte ikledd venskapen si språkdrakt. I kongesagaene finn vi eksempel på til dømes venskap mellom ein bonde og huskaren hans,[\[117\]](#) eller mellom kongen og ein heil folkehøp.[\[118\]](#) Her er venskapen like eins som ovanfor eit uttrykk for ein personleg kontrakt mellom to partar, men prinsippet om jamvekt er erstatta med eit anna omsyn. Ofte er slike venskapstilhøve eit uttrykk for trong til vern eller kontroll. Medan venskapen mellom to "likeverdige" var ein friviljug kontrakt mellom dei to partane, kan vi også sjå at venskap ikkje alltid var eit spørsmål om friviljug medverknad. I Ágrip høyrer vi om menn som lovar kongen "venskap av god vilje".[\[119\]](#) Dette kan tyde på at venskapen ikkje alltid var friviljug. Det kan også vere ein måte å uttrykkje at mennene gjekk heilhjarta inn for oppgåva. I Saxo møter vi Olav, som bryt ein eid for "et frivillig venskaps skyld".[\[120\]](#) Denne talemåten viser nettopp at det eksisterte ei forestilling om "ufriviljuge" venskapstilhøve.

Vi møter altså venskapen i sagalitteraturen på to ulike plan, det horisontale, mellom kongen, eller hærføraren, og hans allierte, og det vertikale mellom stormenn og deira undergjevne. Men vi finn ingen formell distinksjon mellom desse to formene for venskap i kongesagaene, bortsett frå kombinasjonar som "vener og handgangne menn"[\[121\]](#) og "mennene og venene"[\[122\]](#). Slike døme kan tolkast som at det vart lagt ulike tydingar i venskap mellom "jamstilte" og venskap med personar som stod under dei i rang. I begge høve uttrykkjer venskap eit personleg band eller ei pakt som forpliktar begge partar til å yte støtte til den andre. Det var ein offisiell kontrakt som vart inngått, gjerne i påsyn av andre, og ofte i samband med utveksling av gåver. Gåvene symboliserte det personlege tilhøvet mellom gjevaren og mottakaren, og kunne både initiere venskap eller stadfeste venskap som allereie var inngått. Den gjensidige

forpliktinga som låg innebygd i venskapen, vart eksplisitt uttrykt gjennom gåvene. Ei gåve skulle lønast. Når ein jarl "gjorde seg godvenner med stormennene og gav gaver med begge hender", [123] tydde det i praksis at han kunne vente støtte som takk for gåvene.

Geirsteinståtten syner venskapen i ulike former. På den eine sida har vi Geirsteinssønene og kong Sigurd som var vener, truleg av di Sigurd hadde syster deira som frille. På den andre sida stod Gregorius og mennene hans. Kven desse mennene var, veit vi ikkje, men Gregorius heldt ein stor hird, og var truleg alliert med ei rekkje stormenn i distriktet. Kongesagaene omtalar dessutan Gregorius som venleg og gåvmild og rosar han for måten han handsama mennene sine på. [124] Konflikten mellom Gregorius og kong Sigurd vert dessutan presentert i sagaene som årsaka til at Inge og Sigurd vart fiendar. Venskapen mellom Inge og Gregorius hadde altså innverknad på tilhøvet mellom dei to brørne.

Ein av dei sentrale aktørane i Geirsteinståtten er Gyrd, som var fosterson til Gyda. Korleis skal vi definere fosterband i denne konteksten?. Både fostringsrelasjonar og slektskapsrelasjonar gjennom inngifte går under nemninga *fiktive slektskapsband*. Dette er personlege band som ikkje er baserte på konsanguint slektskap, men som likevel er ikledd blodsbanda sine karakteristika. Fostringa minner mykje om slektskap, sjølv om individa biologisk sett ikkje er i slekt med ein annan. I tilknytning til fostring nyttar ein t.d. slektskapstermar som fosterfar, fostermor, fosterson o.s.b. Fostringsinstitusjonen var regulert ved lov, og i visse høve kunne dei juridiske reglane som galt for frendskap, også gjelde for fostring. [125] Samstundes er det likskapar mellom fostring og venskap, gjennom det faktum at fostringsavtalen gjerne var ein allianse som vart oppretta frivillig.

Dette doble elementet i fostringa kjem fram i dei to sagaene si framstilling av tilhøvet mellom Gyda og Gyrd. Ágrip hevdar at Gyrd var "oppfødd", *upp fæddr*, [126] hos Gyda. Dette kan jamførast med Morkinskinna, som kallar Gyrd for *fostri*. [127] Sagaene samstemmer dermed i at Gyrd var fosterson til Gyda. Men når Gyda vender seg til Gyrd for å få hjelp, hevdar Ágrip at ho vende seg til venene sine, medan Morkinskinna talar om Gyrd som Gyda sin frende. Den uklare defineringa av det personlege tilhøvet mellom Gyrd og Gyda illustrerer plasseringa av fiktive slektskapsband i høve konsanguint slektskap og venskap.

Ein vanleg problemstilling i tilknytning til fostringsvesenet er spørsmålet om sosial skilnad mellom dei biologiske foreldra og fosterforeldra. Diskusjonen har bakgrunn i Snorre si utsegn i Heimskringla, der han seier at "folk bruker å si at den som har en annens barn til oppfostring, står under ham i verdighet". [128] I kongesagaene høyrer vi helst om kongssønner som vert fostra hos medlemmer av det øverste aristokratiet. Om dette tyder på at stormennene underkasta seg kongen, skal vere usagt, men det som er tydeleg, er at det å fostre eit kongsbarn var eit teikn på makt og vyrndnad i høve til andre stormenn. Banda mellom fosterfamilie og den biologiske familien var som eit venskapsband som gav moglegheiter for å ta del i den rikdomen og makta som kongssonen skulle nyte godt av seinare. Fostringa var såleis eit ypparleg høve til sosial avansering.

I Geirsteinståtten ser vi at relasjonen mellom fostersonen og fosterfamilien inneheld dei same trekka av gjensidig forplikting som frendskap og venskap. Gyda vende seg til fostersonen Gyrd etter Geirstein sitt åtak. Ho klaga då over at det ikkje var nokon som ville hjelpe henne når ho trong det mest. Gyrd skjøna at klagemålet var retta mot han og galdt den støtta han var skuldig å yte til Gyda. Han sa det såleis: "Sant er det som du seier; stor skade har du fått av Geirstein, og no finn eg at du vender talen din mot meg for at eg er skuldig til å hemne." [129]

Den vanlegaste forma for fiktive slektskapsband i kongesagaene er likevel den *affinale* slektskapen, eller slektskap gjennom inngifte. Etter norrøn språkbruk vart slike slektningar kalla *mågar*. Mågskapstermen vart brukt om alle menn som var gifte med frenker på både mor og farssida av egoet. Mågskapstermen vart sjeldan brukt om kvinner. På same måte som fosterbanda hadde mågskapen likskapar med både slektskap og venskap. Mågane hadde på same måte som frendane visse rettar og plikter i høve frendegruppa. [130] I tillegg bygde mågskapstilhøva på slektskap mellom ektefellen og den eine av partane i mågskapssambandet. Eventuelle born ville også vere frendar av faren sine mågar. [131] Men mågskapen var, i større grad enn slektskapen, uttrykk for ein frivillig allianse mellom to partar. [132] I tilknytning til alliansedanning likna dermed dei fiktive slektskapsbanda mykje på venskapen. Dette ser vi mellom anna i Orkneyinga saga der det vert sett forlik mellom Jon Petersson og Kol Kalesson. "Det ble fastsatt i forliket at Jon Petersson skulle få Ingerid Kolsdatter til ekte, vennskap skulle følge skyldskap, og drapene skulle gå opp i opp." [133] Ekteskapet var dermed grunnlaget for alliansar mellom mågar, og kvinna var symbolet på det personlege bandet mellom familieane. [134]

Det nære sambandet mellom mågskap og venskap kjem til dømes til uttrykk gjennom konfliktrar mellom mågar. Orkneyinga saga fortel om Torbjørn klerk som vart uven med mågen sin, Svein Åsleivsson. Etter at Svein hadde teke ein større del av byttet etter ei hærtokt, uttala Torbjørn:

Jeg blir aldri hans venn mer, og jeg skal nok vite å vise ham hån til gjengjeld. Dermed sa Torbjørn seg skilt fra sin hustru Ingegerd, søster til Svein, og sendte henne over til Svein på Neset. Svein tok godt imot henne, men han syntes det var grov hån mot ham selv. [135]

I dette tilfellet er det lett å sjå likskapen mellom gåva som etablerer venskap, og kvinna som batt mågar saman.

Vi har til no definert tre ulike sosiale aspekt ved sagasamfunnet: slektskap, venskap, og fiktive slektskapsband. Ei handsaming av desse tre sosiale relasjonane gjev likevel ikkje særleg meining isolert sett. Dei personlege banda verka i samspel med einannan, og vi må sjå for oss ein samfunnsstruktur der dei sosiale banda danna ulike grupperingar for bestemte formål. Familien bestod av dei næraste frendane, som saman med tenestefolk og andre losjerande danna eit hushald. Tilhøvet mellom hushaldsmedlemmene kunne gjerne vere basert på venskapsband, slik at husbonden var ansvarleg for velferden til tenestefolket sitt mot at dei var lojale og ytte ulike tenester til gjengjeld. Slektskapsbanda kunne igjen knyte ulike familiar saman, og venskap, mågskap eller fostring kunne danne alliansar for ulike føremål. I dette nettverket av personlege relasjonar var gåvene eit viktig middel for å opprette og halde ved like kontakten mellom partane. Også ekteskap og fostring kan sjåast som ledd i det same systemet, ved at kvinnene og borna symboliserte den personlege relasjonen mellom to familiar.

I lys av dette er det tydeleg at Geirsteinståtten ikkje handlar om ein feide mellom to ætter, men ein konflikt der ei rekkje personlege band spelar inn på utfallet. Striden stod mellom to partar der frendskap, så vel som venskap og fostringsband, verka inn på grupperinga. Drivkrafta i konflikten var heller ikkje "ættehevnsinstillingen", sjølv om frendskapen nok kunne ha innverknad på konfliktsituasjonar. Personane i Geirsteinståtten handla i stor grad ut frå eit ynskje om personleg vinning, og til sjuande og sist er poenget med historia nettopp å skildre uvenskapen mellom to mektige personar, nemleg kong Sigurd og Gregorius Dagsson.

Betre kunnskapar om bruken av sosiale band i mellomalderen og ein kritisk gjennomgang av omgrepsapparatet har vist at sagalitteraturen rommar opplysningar som kan kaste lys over forståinga av partidanninga i innbyrdesstriden. I dei neste kapitla skal vi gå nærare inn på sjølve striden mellom kongsemna for å sjå korleis dei personlege banda verka inn på den.

[100]

For diskusjon kring slektskap og venskap i høve til dei norske og islandske lovene sjå m.a. Høgset 1995, Jón Viðar Sigurdsson 1993, Phillpotts 1913.

[101] Ágrip 103-114, Msk 448-453, Geirsteinståtten er gjengjeve i begge sagaene, men berre Msk har heile tåtten. Ein reknar med at Msk har henta dette frå Á, eller at begge tekstane har bygd på same kjelde (mgl. Hryggarstykki). Indrebø 1936: 119.

[102] Johnsen 1948: 80-81.

[103] Mi utheving. Svs: NKS 149-150, Ská 130: "Suo hefir ok fram farith her j lande, ath þeir menn hafa wpp hafizt her j lande, er ecki woru kongaættar, sem war Erlingr, son Kyrpingha-Orms; leth gefua ser jarllznafn, en syni sinum kongsnafnn, ok drapu nidr allar kongaættir, ok æingi skylldi kalla sik þeirar ættar; skylldi huern drepa, ok hofdu medur ser hid hesta raduneyti, er j war lanndinu, ok toku allt rike þeirra, er ættbornir woru".

[104] Bgs: NKS 290.

[105] Cecilie Sigurdsson, dotter til kong Sigurd Haraldsson, Svs: NKS 290. Sjå også vedlegg fig. 1.

[106] Hkr 586, Hkr: NKS 300.

[107] Hkr 586, Hkr: NKS 300.

[108] Hkr 574, Hkr: NKS 287.

[109] Storm 1884: 143.

¹¹⁰ Jmf. kap. 3. s. [

[111] Á 107.

[112] Á 96.

[113] HH 33: "som ikkje skulda han noko venskap".

[114] Á 105.

[115] Ská 224, Svs: NKS 238.

[116] Os 112.

[117] Hkr 576, Hkr: NKS 289.

[118] Ská 108, Svs: NKS 126.

[119] Á 83.

[120] Saxo 2, 96.

[121] HH: NKS 168.

[122] Svs: NKS 264.

[123] Os 111.

[124] Jmf. Kap 3. s. 55 ff.

[125] Magnus Már Lárusson, KLNLM.

[126] Á 105.

[127] Msk 448. *Fostr* kan bety både fosterfar og fosterson. Munch 1943, 6: 259 hevdar at Gyrd var Gyda sin

fosterfar. Dette rimar dårleg med at Gyrd var "oppfdd" hos Gyda.

[128] Hkr: 67: "þat er mál manna, at sá væri ótígnari, er oðrum fstraði barn". Hkr: NkS 76.

[129] Msk 449: "Satt er þat er þer segit, mikinn scaða hefir þu fengit af Geirsteini. oc fin ec at þv vicr rþv til min. oc ec vera scylldr til at hefna.", jmf. Á 105.

[130] Jmf. Hgset 1995: 75 ff.

[131] Under fresetnad av at vi talar om monogame familiestrukturar.

[132] Friviljug i tydinga av at mennene i strre grad kunne velje ektemenn til frenkene sine.

[133] Os 99.

[134] Jn Viðar Sigurðsson 1995: 181 har peika p at mgskapsalliansar kunne fungere ogs i tilfeller der ekteskapet vart opplyst.

[135] Os 133.





Kap. 3 SOSIALE RELASJONAR OG PARTIDANNING 1130-1161

Magnus Sigurdsson vart teken til konge etter faren Sigurd Jorsalfar sin død i 1130, slik som Sigurd sjølv hadde planlagt. Han hadde nemleg lete "landsfolket" sverje eid på at Magnus skulle verte den neste kongen etter han. Harald Gille, bror til Sigurd, hadde kome til Noreg frå Irland i slutten av 1120-åra, men også han hadde lova at kong Magnus skulle få sitje åleine som konge. Etter at Sigurd var avliden, lot Harald seg likevel kongehylle, og fekk så mange folk med seg at Magnus måtte godta å dele riket med farbror sin. Dette samkongedømmet enda i ei blodig feide mellom kongane, og Magnus vart teken til fange, blinda og skamfaren, før han vart sett i klosteret på Munkholm. I mellomtida hadde Sigurd Slembe, ein samfedre bror av kong Harald gjeve seg til kjenne, og Sigurd ynskte at Harald skulle godkjenne frendskapen mellom dei. Dette ville ikkje Harald og freista å verte kvitt han. Sigurd slo seg då saman med kong Magnus, som han henta ut i frå klosteret i 1135. Året etter vart Harald drepen av Sigurd og mennene hans i ein bygard i Bergen.[\[136\]](#)

Harald hadde tre søner i Noreg i denne tida, Sigurd, Inge og Magnus.[\[137\]](#) Sigurd og Inge vart straks tekne til kongar etter at Harald var fallen. Sigurd vart kongehylla i Trondheim på Øyrating, medan Inge vart teken til konge på Haugating i Viken. Dei to kongssønene heldt felles hird, og i 1139 fekk dei omsider bukt med Sigurd Slembe og Magnus. Dette innleia eit relativt roleg tiår, men i byrjinga av 1150-åra vart freden atter broten. I mellomtida hadde ein fjerde son av Harald kome til Noreg. Dette var Øystein som vart henta frå Skottland i 1142, og som Harald hadde godkjent farskapen til før han døydde. Sigurd og Inge hadde no skilt lag, og dei heldt kvar si hird. Det spente tilhøvet mellom kongssønene slo ut i full strid omkring 1154-55, og det danna seg etter kvart to fraksjonar, med Inge på den eine sida, mot Sigurd og Øystein på den andre. Det var Inge som kom sigrande ut av denne striden, men han måtte sjølv late livet mot Håkon Herdebreid, ein son av Sigurd Haraldsson, i 1161.[\[138\]](#)

Partikonstellasjonane i denne fasen av innbyrdesstriden var stadig skiftande, og dei politiske grupperingane var relativt små. I spissen for partia stod kongsemna som hadde vorte hylla av forsamlingar på lokale ting. Til grunn for partidanninga låg dermed for det første arvereglane, som kravde at kandidaten skulle vere kongsson, og for det andre ei godkjenning, *konungstekja*, av ei tingforsamling. Kongsemna måtte dermed ha ei viss støtte frå tingfolket for å få kongsnamn.[\[139\]](#) Mot denne bakgrunnen er det naturleg at det enkelte kongsemnet si evne til å skaffe seg allierte og trekkje til seg tilhengjarar var av avgjerande betydning. I dette kapitlet skal vi sjå korleis slektskap og venskap hadde innverknad på danninga av parti kring kongsemna i fyrste fase av innbyrdesstriden.

[\[136\]](#)

Msk 391-413, Fsk 334-344, Hkr 547-549, Hkr: NKS 256-281.

[\[137\]](#) Sonen Magnus er berre nemnt i Hkr. Her står det at Magnus fekk sin del av riket saman med brørne sine, men at han var sjukleg og døydde som liten. Hkr: NKS 295. Snorre refererer også eit skaldekvad av Einar Skulesson der Magnus vert nemnt som ein av fire søner til Harald. Den fjerde var Øystein som kom til Noreg i 1142. Hkr: NKS 295. Dette skulle peike mot at Magnus var i live i alle fall så lenge. Gathorne-Hardy 1956: 30.

[\[138\]](#) Msk 413-462, Fsk 344-357, Hkr 570-610, Hkr: NKS 283-324.

[\[139\]](#) Helle 1995: 12-13.

- [Frendskap](#)
- [Fiktive slektskapsband](#)
- [Venskap](#)
- [Konklusjon - personlege relasjonar og andre partidannande faktorar](#)





Kap. 4 SOSIALE RELASJONAR OG PARTIDANNING 1161 - 1208

I 1161 vart Magnus Erlingsson teken til konge over flokken til Inge. Magnus var son til Kristin Sigurdsdotter og Erling Skakke.[\[265\]](#) Erling vart sett til førar for flokken . Gjennom ein allianse med kyrkja to år seinare vart Magnus krona og velsigna av den katolske kyrkja.[\[266\]](#) Dette markerer gjennombrøtet for eit samarbeid mellom kongemakt og kyrkje som mogeleg hadde starta tidlegare, men som utover i andre halvdel av 1100-talet vart tydelegare. Dette kjem mellom anna til uttrykk gjennom at den katolske kyrkja deltok aktivt i innbyrdes-striden fram mot hundreårsskiftet gjennom baglarpartiet sin motstand til Sverre og birkebeinane.

Erling og Magnus si allianse med kyrkja hindra likevel ikkje opprørsflokkar i å gjere motstand, og i løpet av 1160-talet og utover på 70-talet kom dette til uttrykk gjennom hyppige, men relativt kortvarige, framstøyt mot kongemakta. I 1159 vart Håkon Herdebreid, son til Sigurd Haraldsson teken til konge over det som var igjen av flokken til Sigurd og Øystein. Håkon fekk følgje av trønderar og folk frå Oppland og Aust-Viken, men berre tre år seinare miste han livet i eit slag med Erling ved øya Sekken i Romsdal. Flokken til Håkon vart ikkje oppløyst av den grunn, men fann seg eit nytt kongsemne i Sigurd, ein annan av Sigurd Haraldsson sine søner. Sigurd var fostra hos Markus på Skog, i Ringsaker, og vart av den grunn kalla Markusfostre. I 1163[\[267\]](#) vart Sigurd og fosterfar hans fanga og drepane av mennene til Erling og Magnus i Bergen.[\[268\]](#)

Nokre år seinare samla det seg på ny ein opprørsflokk, denne gongen med Olav, son til Gudbrand Skavhoggsson og Maria, dotter til Øystein Magnusson, i spissen. Hettesveinane, som dei vart kalla, hadde også støtte frå Opplanda og Marker. Dette opprøret vart slått ned i 1168, og no gjekk det heile seks år før det på ny vart reist flokk mot Magnus. Då samla det seg folk kring Øystein Møyla, som hevda å vere son til Øystein Haraldsson.[\[269\]](#) I fylgje Heimskringla var det unge og fattige folk frå dei indre austlandsområda som gjekk under Øystein. Dei dårlege klede deira gav dei namnet birkebeinar.[\[270\]](#) Under leiarskap av Sverre Sigurdsson kom birkebeinane til å utgjere hovudmotstanden mot Magnus Erlingsson og baglane fram mot hundreårsskiftet.

Sverre, som hevda å vere son til Sigurd Haraldsson, kom til Noreg i 1176, og han vart gjeve kongsnamn på Øyrating året etter.[\[271\]](#) I dei neste sju åra stod det hard strid mellom han og kong Magnus. I løpet av desse åra voks oppslutnaden kring Sverre, og i 1184 var han i stand til å sigre over Magnus ved Fimreite i Norefjorden. Magnus fall i dette slaget, og dermed vart Sverre einekonge. [\[272\]](#) Men freden var ikkje langvarig, for allereie året etter reiste kuvlungane seg. Føraren for denne flokken var Jon Kuvlung, som hevda å vere son til kong Inge Haraldsson. [\[273\]](#) Kuvlungsstriden varte i tre år, og vart etterfølgt av fleire kortvarige opprør fram mot midten av 1190-åra. I 1190 reiste det seg ein flokk som vart kalla vårbelgar, under leiing av Simon Kåresson, ein svigersson til dronning Ingrid. Kongsemnet vart sagt å vere ein son av Magnus Erlingsson. Vårbelgane fekk støtte frå Marker og av stormenn i Danmark.[\[274\]](#)

I 1193 reiste Hallkjell Jonsson, lendmann på Sunnmøre og dotterson til Harald Gille,²⁷⁵ flokk omkring Sigurd, ein son av Magnus Erlingsson. Øyskjeggane, som dei vart kalla, allierte seg med Harald jarl på Orknøyane, og fekk godt med folk med seg frå øyane vest i havet.[\[276\]](#) Etter ein hard strid i Florvåg, utanfor Bergen, i 1174 vart øyskjeggane slått av kong Sverre, og flokken vart oppløyst. I 1196 samla biskop Nikolas Arnesson, son til dronning Ingrid, ein flokk som gjekk under namnet baglane (etter *bagall*, bispestav). Kongsemnet var Inge baglarkonge, ein son av Magnus Erlingsson.[\[277\]](#) Kampene mellom baglane og birkebeinane rundt hundreårsskiftet var dei mest intense og omfattande gjennom heile innbyrdesstriden. Etter Sverres død i 1202 stilna striden, men då Håkon, son til Sverre, døydde i 1204 blussa den opp att. Tidsrommet frå Sverre sin død og fram til forliket på Kvitingsøy i 1208 ber likevel preg av at partane stod nærare ein annan, og dette gjorde i sin tur forliket mogeleg.

Då Håkon Sverresson døydde i 1204, vart Guttorm, sonson til Sverre teken til konge over birkebeinane. Guttorm vart sjuk og døydde innan det var gått eitt år, og birkebeinane valte Inge Bårdsson, son til Bård Guttormsson på Rein og Cecilia, syster til Sverre, til ny konge. Baglane hadde også fleire kongar i denne tida. Inge baglarkonge fall i eit slag mot birkebeinane i 1202 og baglane samla seg då om Erling Steinvegg, som hevda å vere ein annan av Magnus Erlingsson sine søner. Då Erling døydde i 1207, vart Filippus, ein son til dronning Ingrid og Arne på Stårheim, valt til ny baglarhovding.

Det var kyrkja sine menn som initierte fredsforliket mellom birkebeinane og baglane i 1208. Konkret innebar avtalen

ei tredeling av riket, og ekteskap mellom Cecilia, dotter til Sverre, og Filippus baglarkonge. Striden mellom baglane og birkebeinane var no over, sjølv om det endelege forliket kom fyrst i 1217. Tidsrommet frå Inge sin død i 1161 til forliket i 1208 skil seg frå den førre perioden av innbyrdesstriden på fleire punkt. Striden stod ikkje lenger mellom relativt små og skiftande grupperingar med personleg tilknytning til kongsemna, men mellom faste grupperingar eller parti som i mindre grad var avhengig av kongsemnet for å fungere. Striden auka også i intensitet og omfang, og vi ser at opprørsflokkane etter kvart rekrutterer grupper utanfor dei aristokratiske krinsane. Dette dannar ramma for den følgjande framstillinga. Kva verknader hadde slektskap, fiktive slektskapsband og venskap på partidanninga under dei endra tilhøva i andre fasen av innbyrdesstriden?

[265]

Sjå vedlegg fig. 1.

[266] Fsk 358-367, Hkr 596-629. Hkr: NKS 329-344.

[267] Denne dateringa i fylgje Hkr 626, Hkr: Nks 340-341. Fsk 364-365 ser ut til å setje Sigurd og Markus sitt fall til 1164, jmf. Helle 1974: 70.

[268] Fsk 358-364, Hkr 596-626. Hkr: NKS 311-341.

[269] Hkr 634-641, Hkr: NKS 349-356, Ská 6-8, Svs: NKS 27-29.

[270] I fylgje tradisjonen surra dei bork eller never om leggane før å bøte på det dårlege kledestellet.

[271] Svs: NKS 23-33. Datering etter Lunden 1976: 19, Gathorne-Hardy 1956: 94 ff. hevdar at Sverre kom til Noreg i 1174.

[272] Ská 112 ff., Svs: NKS 133 ff.

[273] Ská 133 ff., Svs: NKS 151 ff.

[274] Ská 149 ff., Svs: NKS 168 ff. Vårbelg var eit vårskinn som var mindre verdt enn vinterskinnet,.

²⁷⁵ Hallkjell var dessutan gift med dotter til Erling Skakke og Kristin. Svs: NKS 173.

[276] Ská 154 ff., Svs: NKS 173 ff.

[277] Ská 167 ff., Hkr: NKS 188 ff.

-
- [Frendskap](#)
 - [Fiktive slektskapsband](#)
 - [Venskap](#)
 - [Konklusjon - personlege relasjonar og andre partidannande faktorar](#)





KONKLUSJON

Granskinga av frendegruppene i den tidlege fasen av innbyrdesstriden, synte at slektskapen gjorde seg gjeldande på to ulike plan. Kongsemna kunne få støtte hos sine frendar, samstundes som mektige allierte kunne yte støtte til kongsemna ved hjelp av sine frendar. Av frendane til kongsemna, var dei fleste i slekt med kongen på morssida. Dei var med andre ord ikkje av kongsætt. Mangelen på kongsfrendar i dei politiske grupperingane var ei fylgje av at striden gjekk føre seg mellom nære frendar, med få gjenlevande slektningar. Støtta vart vidare avgrensa ved at fleire av kongsemna var oppvaksne i utlandet, og hadde sine morsfrendar der. Samstundes ser vi at fleire av dei namngjevne aktørane i sagaene var knytte til andre sentrale personar enn kongsemna. Truleg var slektskapen ein viktig faktor i stormennene sin politikk, ikkje minst syner dette seg med omsyn til den økonomiske og sosiale vinsten slike band kunne ha. Stormenn som Erling Skakke eller Orm Kongsbror kunne sikre frendane sine ein plass mellom kongen sine menn og utsikter til politisk karriere og materielle gode.

I den andre fasen av innbyrdesstriden finn vi eit større tal kongsfrendar mellom mennene til kongsemna. Dette kan skuldast at kjeldene er fyldigare med omsyn til namn og slektskap mellom personar, men truleg skuldast det like mykje at det no var fleire frendar som kunne yte støtte. Frendegruppene til kongsemna var større. Parallelt med denne auken ser vi at dei mannlege kongsfrendane gjerne vart sedde på som potensielle konkurrentar, medan øvrige frendar ofte spela ei svært sentral rolle i partia, også etter at kongsemna var avlidne. Dette er særskilt tydeleg med omsyn til dronning Ingrid sine frendar, som gjorde seg gjeldande gjennom heile striden. Dette vitnar dessutan om at partia etterkvart vart uttrykk for meir enn kongsemna sine frendar og vener. Grupperinga levde vidare, med tilskot og fråfall, under eit nytt kongsemne. Dette tyder på at slektskap gjerne var ein viktig innfallspurt til viktige posisjonar, men at partia i høgare grad var bundne saman av andre band.

Dei fiktive slektskapsbanda viste seg svært effektive gjennom heile perioden. Særskilt fostringsinstitusjonen fekk stor innverknad på striden og grupperinga av dei stridande kreftene i Haraldssønene si regjeringstid. Fostring og mågskap var effektive middel til å danne alliansar på lik line med venskap. Dette er særskilt tydeleg med omsyn til dei internordiske ekteskapsalliansane, som fekk stor innverknad på dei politiske tilhøva her heime.

I kjeldene for den tidlege fasen av innbyrdesstriden, og særskilt i Heimskringla, vert venlege, generøse og imøtekomande kongar sette opp mot dei mindre venlege, eller regelrett uvenlege. Kjeldene for den fyrste fasen av innbyrdesstriden strekar dermed under kor viktig venskap, og då ikkje minst generøsitet, var i politiske samanhengar. Å etablere venskap og utveksle gåver var ein føresetnad for politisk suksess. I Sverres saga er dette mindre tydeleg, og ei registrering av omtalen av venskap i Sverres Saga og Bøglunga sogur peikar mot at venskapen fekk ei svakare stilling under Sverre og etter hans død. Der venskapen vert nemnt i desse sagaene, får vi inntrykk av at ein del av meiningsinnhaldet er borte, og at det som gjenstår er det serimonielle trekket, som til dømes utvekslinga av gåver. Den nemnde kontrasten mellom venlege og uvenlege kongar som vi registrerte i den tidlege fasen av striden, er også i mindre grad synleg mot slutten av innbyrdesstriden. Vi må ikkje dermed tru at dei personlege banda ikkje lenger vart nytta til å danne parti og fremje politiske interesser. Det vi ser her, er ei svekkjing av dei personlege banda mellom kongen og hans menn, og synet på kongemakta som eit personleg embete. Forklaringa må altså søkjast i utviklinga av kongedømmet på 1100- og 1200-talet.

I løpet av innbyrdesstriden styrkte kongedømmet sitt maktgrunnlag. Gjennom initiativ til lovgjeving og ei utbyggjing av den kongelege administrasjonen, starta ein prosess som overførte kongemakta den lovgjevande og dømmande funksjonen, som før hadde tilhøyrt dei lokale styringsorgana. Det nye styringsapparatet gjorde kongemakta i stand til å gripe inn og kontrollere samfunnslivet på ein annan måte enn tidlegare, og dersom naudsynt kunne kongen nytte det same apparatet til å tvinge gjennom statlege pålegg i form av høgare skattar eller andre ytingar.[\[411\]](#) Til dette medverka også sjølve krigføringa. Innbyrdesstriden skapte eit større militærapparat som i tur kunne nyttast til å presse bøndene til større ytingar. Auka inntekter gav igjen grunnlag for ei sterkare kongemakt.[\[412\]](#)

Også på det ideologiske planet inntok kongemakta ei ny stilling. Medan det norske kongedømmet i byrjinga av innbyrdesstriden i stor grad var identisk med kongen sin person, utøvde kongen mot slutten av striden si makt i kraft av embetet sitt. Kongedømmet vart no sett på som ein gudegjeven institusjon, som gav kongen mynde til å handheve si makt til det beste for folket og Gud.[\[413\]](#) Dette førte til ein tendens til å sjå kongen som ein utøvar av ei overordna samfunnsmakt, meir enn ein verdsleg herskar som styrte gjennom personlege band til nøkkelpersonar. Faktisk bidrog dei personlege banda mellom kongen og sentrale allierte til denne endringsprosessen. Venskapsalliansen

mellom erkebiskop Øystein og Magnus/Erling, som førte til kongekroning, styrkte Magnus sitt maktgrunnlag. Også andre personlege alliansar hadde tilsvarande effekt på det militære eller økonomiske planet. På sikt gav dette kongedømmet styrke på bekostning av stormennene, som dermed mista noko av den sjølvstendiga makta dei tidlegare hadde nytt godt av.[\[414\]](#)

Samstundes med framveksten av den sterke kongemakta, skjedde det også ei sentralisering av den katolske kyrkja. Både kongemakta og kyrkja var interesserte i å sikre sine interesser, og generelt sett var dei nok i stand til å oppfylle krava frå begge sider. Dei geistlege tok gjerne del i riksstyringa som kongen sine representantar, og var dermed best tente med ei sterk kongemakt. Kongen på si side, kunne dra nytte av den geistlege organisasjonen og kyrkja si makt over kyrkjelyden. Under kong Sverre vart denne balansen mellom geistlege og monarkiske interesser uroa, og det kom til strid mellom forkjemparane for ei sterk kyrkjemakt, representert ved Nikolas Arnesson og baglane, og forkjemparane for den uavhengige kongemakta med kong Sverre i spissen. Denne konflikten må ha verka skjerpande på innbyrdesstriden, og bidratt til å intensivere krigføringa og rekruttere nye stridskrefter.

Eit heilskapleg bilete av drivkreftene som spela inn på utviklinga av innbyrdesstriden må også inkludere dei sosiale og økonomiske endringsprosessane som føregjekk parallelt med innbyrdesstriden. Reduksjonen i tilgangen på ressursar for aristokratiet har truleg bidratt til å setje fart i det som i byrjinga var personlege konflikhtar mellom kongsemna. Den store belastninga som krigføringa påførte bondesamfunnet førte til sosial uro, og i andre rekkje til samarbeid mellom dei stridande partane, og omsider fred.

Denne framstillinga har sett søkjelyset på sider ved innbyrdesstriden som tidlegare har vorte ofra relativt liten plass i historiske skildringar av nettopp denne perioden. I det norrøne samfunnet var det liten skilnad mellom den offentlege politikaren, og den private stormannen. Personlege band og relasjonar gjennomsyra den politiske aktiviteten, og dermed kan vi vanskeleg skilje det eine frå det andre. Sjølv om institusjonaliseringa av kongedømmet hadde starta mot slutten av 1100-talet, og dei personlege banda i ei viss grad tapte betydning, var slektskap og venskap viktige band langt utover tidsrammene for mellomalderen.

[\[411\]](#)

Helle 1972: 561 f.

[\[412\]](#) Helle 1995: 21.

[\[413\]](#) Helle 1995: 34 ff.

[\[414\]](#) For styrketilhøvet mellom aristokrati og kongemakt på 1200-talet sjå m.a. Helle 1995: 559 ff., Koht 1953: 45 ff., Bull 1931: 303 ff.





Figurar

Fig. 1 Tidmessig plassering av kongesagaene

Fig. 2 Den bilaterale slektskapsstrukturen

Fig. 3 Gregorius si frendegruppe

Fig. 4 Dei stridande kongsemna 1130-1161

Fig. 5 Dei stridande kongsemna 1161-1208

Fig. 6 Magnus Erlingsson si støtte mellom kongsfrendane

Fig. 7 Magnus Erlingsson og Sverre Sigurdsson sine frendegrupper





Kjelder

- Á - *Ágrip, ei liti norsk kongesoge*. Utg. og oms. Gustav Indrebø, *Norrøne bokverk* 32. Oslo 1936.
- Fsk - *Fagrskinna, Nóregs kononga tal*. Utg. Finnur Jónsson, *Samfund til Udgivelse af gammel nordisk Litteratur* nr. 30. København 1902-1903.
- Hkr - *Heimskringla, Nóregs konunga sogur*. Utg. Finnur Jónsson. Oslo 1966.
- Msk - *Morkinskinna*, utg. Finnur Jónsson, *Samfund til Udgivelse af gammel nordisk Litteratur*. København. 1932.
- NKS - *Norges kongesagaer*. Hødnebo/Magerøy [red.]. Oslo 1979.
- Os - *Orkneyinga saga*, oms. Holtsmark A. Oslo, 1970.
- RN - *Regesta Norvegica I, 822-1263*. Utg. Gunnes E. Oslo 1989.
- Saxo - *Saxo Grammaticus*, oms. Horn W. København. 1975.
- Ská - *Det Arnagamnæanske Haandskrift 81a Fol, (Skálholtsbók yngsta)*. Utg. Kjær A. og Holm-Olsen L. Den Norske Historiske Kildeskriftkommisjon. Kristiania 1910- Oslo 1947.
-





Litteratur

- Andersen, P. S. 1977. *Samlingen av Norge og kristningen av landet*. (Mykland, K. [red.] *Handbok i Norges historie*. Bd. 2). Bergen.
- Anderson, P. 1975. *Passages from Antiquity to Feudalism*. London.
- Arstad, K. 1994. *Kongsemner og maktkonstellasjoner i innbyrdesstridens Norge 1157-1227*. Hovedoppgåve, historisk institutt, UIO.
- Aschehoug, T. H. 1866. *Statsforfatningen i Norge og Danmark indtil 1814*. Norges offentlige ret, Christiania.
- Bagge, S. 1986a. The formation of the state and concepts of society in the 13th century Norway. (Vestergaard, E. [red]. *Continuity and change, political institutions and literary monuments in the Middle Ages*: 43-59). Odense.
- Bagge, S. 1986b. Borgerkrig og statsutvikling i Norge i middelalderen. *HT* nr. 65: 145-197. Oslo.
- Bagge, S. 1989. Det politiske mennesket og det førstatlige samfunn. *HT*: 227-245. Oslo.
- Bagge, S. 1991. Propaganda, ideology and political power in Old Norse and European historiography: a comparative view. *L'historiographie médiévale en Europe*: 199-208. Paris.
- Bagge, S. 1996. *From gang leader to the Lord's anointed*. Odense.
- Bjarni Aðalbjarnarson 1937. *Om de norske kongers sagaer*. Oslo.
- Bugge, A. 1969. Kirkepolitikk og politiske partier i Norge 1152-1164. *NHIU* nr. 2: 24-38.
- Bull, E. 1926. *Grunnriss av Norges historie*. Oslo.
- Bull, E. 1931. *Det norske folks liv og historie*, bd 2. Oslo.
- Bull, E. 1967. Hva kan vi vite om sagatiden. *NHIU* nr. 1: 118-121.
- Bull, E., 1969. Borgerkrigene i Norge og Håkon Håkonsons kongstanke. *NHIU* nr. 2: 24-38.
- Byock, J.L. 1988. *Medieval Iceland, society, sagas and power*. Berkeley.
- Dahl, O. 1952. *Historisk materialisme, historieoppfatningen hos Edvard Bull og Halvdan Koht*. Oslo.
- Dahl, O. 1970. *Norsk historieforskning i 19. og 20. århundre*. Oslo.
- Finnur Jónsson, 1973. *Den norsk-islandske Skjaldedigtning, B I-II*. København.
- Fritzner, J. 1954. *Ordbog over Det gamle norske Sprog*. 2.utg. Oslo.
- Gathorne-Hardy, G.M. 1956. *A royal impostor, king Sverre of Norway*. Oslo.
- Gurevich, A.Ya. 1968. Wealth and Gift-bestowal among the Ancient Scandinavians. *Scandinavica*: 126-138.
- Gaunt, D. 1983. *Familjeliv i Norden*. Malmö.
- Heers, J. 1977. *Parties and political life in the medieval west*. (Vaughan, R. [red.]. *Europe in the Middle Ages - Selected Studies* 7). Amsterdam.
- Helle, K. 1958. *Omkring Boglungasogur*. (UiB årbok 1958, Historisk-antikvarisk rekke, nr. 7). Bergen.
- Helle, K. 1961. Tendenser i nyere norsk høymiddelalderforskning. *HT* nr.40: 337-370. Oslo.
- Helle, K. 1972. *Konge og gode menn i riksstyning ca. 1150-1319*. Bergen.
- Helle, K. 1974. *Norge blir en stat*. (Mykland, K.[red.] *Handbok i Norgeshistorie*. Bd. 3). Bergen.
- Helle, K. 1977. Nye og gamle synspunkter på det norske middelaldersamfunnet. *Heimen* nr.4: 507-521.
- Helle, K. 1979. Litt mer om det norske middelaldersamfunnet. *Heimen* nr. 2: 83-88.
- Helle, K. 1981. Norway in the high Middle ages. *Scandinavian journal of history* nr. 6:161-189.
- Helle, K. 1995. *Under kirke og kongemakt (Aschehougs Norgeshistorie*. Bd. 3). Oslo.
- Holm-Olsen, L. 1953. *Studier i Sverres saga*. Oslo.
- Holmsen, A. 1942. Nye metoder innen en særskilt gren av norsk historieforskning. *HT* nr. 32: 27-45.
- Holmsen, A. 1977 (1939). *Fra de eldste tider til 1660 (Norges Historie*. Bd 1). Oslo.
- HT= *Historisk Tidsskrift*. 1871-. (Utg. Den norske historiske forening). Kristiania/Oslo.
- Høgset, G. 1995. *Frendskap og vennskap, betydningen av sosiale relasjoner og -nettverk på Island og i Norge ca. 900-1264*. Hovedoppgave, historisk institutt, UIB.
- Johnsen, A.O. 1945. *Nicolaus Breakespears legasjon til nordn. Oslo*.
- Johnsen, A.O. 1948. *Fra ættesamfunn til statssamfunn*. Oslo.
- Jón Viðar Sigurðsson 1993. *Goder og maktforhold på Island i fristatstiden*. Historisk institutt. UiB.
- Jón Viðar Sigurðsson 1995. Forholdet mellom frender, hushold og venner på Island i fristatstiden. *HT* nr. 3: 311-329.
- Indrebø, G. 1920: *Sverris saga*. Kristiania.
- Indrebø, G. 1936: *Ágrip - ei liti norsk kongesøge*. (Norrøne bokverk nr. 32). Oslo.

KLNM = *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid 1956-1978*. (Hødnebo, F. [red.]). Oslo.

Koht, H. 1953. *På leit etter liner i historia*. Oslo.

Koht, H. 1967. Sagaenes opfatning av vår gamle historie. *NHIU* nr.1: 41-56.

Koht, H. 1969. Kampen om makten i Norge i sagatiden, *NHIU* nr. 2: 38-50.

Lauring, P. 1975. Føreord til Saxo.

Lunden, K. 1976. *Norge under Sverreætten, 1177-1319*. (Mykland K.[red.] *Norges Historie*. Bd. 3). Oslo.

Lunden, K. 1979. Hovudsynspunkt på mellomaldersamfunnet. *Heimen* nr. 1: 41-53.

Magerøy, H. 1979. Føreord til *Sverres saga* i NKS.

Mauss, M. 1995 (1950). *Gaven, Utnvekslingens form og årsak i arkaiske samfunn*. Halden. (Essai Sur le don - forme et raison de l'échange dans les sociétés archaïques. *Sociologie et anthropologie*. Paris.)

Munch, P.A. 1943 (1852). *Det norske folks Historie*. Bd. 1, 6 og 7. Institutt for historisk forskning. Oslo.

Murray, A. C. 1983. *Germanic Kinship Structure, studies in Law and Society in Antiquity and the Early Middle Ages*. (In *Studies and Texts* no. 65. Pontifical institute of mediaeval studies). Toronto.

NHIU = *Norske historikere i utvalg*. 1969-. (Holmsen, A. og Simensen, J. [red.]). Oslo.

Nielsen, Y. 1904. *Af Norges Historie*. Stockholm.

Nordal, S. 1953. *Litteraturhistorie, B, Norge og Island*. (I *Nordisk Kultur*. Bd 8: B). Uppsala.

Olgeirsson, E. 1968. *Fra ættesamfunn til klassestat*. Oslo.

Paasche, F. 1969. De norske borgerkriger. *NHIU* nr. 2: 51-67.

Phillipotts, B.S. 1913. *Kindred and clan in the Middle Ages and after: a study in sociology of the Teutonic Races*. Cambridge.

Sars, J.E. 1911. *Udsigt over den norske historie*. (I *Samlede verker* 1, bd. 1 og 2). Kristiania og København.

Sawyer, B. 1993. Samhällsbeskrivningen i Heimskringla. *HT* nr. 2: 223-237.

Sawyer, B. og P. 1993. *Medieval Scandinavia, From Conversion to Reformation, circa 800-1500*. (In *The Nordic Series*. Vol. 17). Minnesota.

Schreiner, J. 1936. Kongemakt og lendmenn i Norge i Det 12. århundre, *Scandia* nr. 9: 161-203. Lund.

Seip, J.A. 1942. Problemer og metode i norsk middelalderforskning. *HT*: 49-133.

Sejersted, F. 1989. Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene. *HT*: 395-411.

Skovgaard-Petersen I. (et. al.) 1977. *Danmarks historie, tiden indtil 1340*. Bd. 1. København.

Storm, G. 1884. Om Lendmandsklassens tallrighed i 12. og 13. Aarhundrede, *HT* rekke 2, bd. 4: 129-188. Kristiania.

Sørensen, P. M. 1977. *Saga og Samfund - En indføring i oldislandsk litteratur*. København.

Weibull, C. 1967. Källor och metodisk grunduppfattning. *NHIU* 1: 76-87.

